



Tilleggsprotokoll - Helgearbeid og godtgjersle i årsturnus 2023/2024

Partane er einig om at det vert gjeve godtgjersle for helgearbeid utover 16 helger jfr pkt 8 i «overordna rammer for årsturnus 2023».

- Tilsette kan etter eige ønske inngå fast avtale om fleire arbeidshelger, max 24 jfr overordna rammer for årsturnus 2023. Godtgjersle for helger utover 16 pr år gjeld ikkje for helgestillingar med arbeid kun fredag kveld, laurdag og søndag.
- Ein kan plassere tre helger på rad i årsturnus dersom den tilsette ønskjer det.
- For tilsette over 60: 16 helger leggjast i årsturnus.
- Dersom 6. ferieveka allereie i planleggingsfasen (innan frist for ønskjer) vert lagt inn i årsturnus, skal den tilsette arbeide 15 helger. Godtgjersle då frå 16. helga.
- Tilsette over 60 som ikkje har lagt inn den 6. ferieveka, får godtgjersle for ekstra helger frå 17. helga.
- Turnus med langvakter på helg blir kompensert frå den 13. helga.

Bakgrunn:

I samband med utarbeiding av overordna rammer for årsturnus har partane vurdert at økonomisk godtgjersle kan være eit verkemiddel for å sikre fagkompetanse og kontinuitet på helg. Dette vil høve alle partar og brukarar.

Gjeld for:

Ordninga gjeld for tilsette i årsturnus som gjer fast avtale om å arbeida meir enn ordinært tal helger pr år, og som arbeider meir enn berre helg, jfr pkt . 8 i overordna rammer for årsturnus.

Godtgjersle:

Partane er samd om at arbeid etter avtale om ekstra helg vert godtgjort med inntil kr **3000** pr helg etter oppsett turnusplan.

Helgene som vert kompensert skal markerast gul i Årsturnus

Helg er her definert å være frå fredag kl 22.30 til sundag kl 22.00. For å få rett til full kompensasjon må ein arbeide to vakter i løpet av helga. Tilsette kan velje å berre jobbe laurdag eller sundag. Dei vil få halv kompensasjon, kr 1500. Vaktene må stå i godkjent årsturnus for å utløyse kompensasjon. Det skal markerast med gult i turnus kva helger som er ekstra før turnus trer i kraft.

Avtale og utbetaling:

Leiar har mynde til å inngå avtale med den tilsette. Godtgjersla vert betalt ut månaden etter at ekstrahelga er arbeid. Godtgjersla fell bort ved fråvær på dei avtalte ekstrahelgene.

Partar: (DATO/SIGN)

Fagforbundet: 03.03-23 A. Øi

Delta: Nathalia Yndestad 02/03-23

NSF: _____

Modalen kommune: Kristin F. Arvidsson